

HEIM



## Viktigast med levande kystkultur

Nyhende — 26 august 2017



Kjell Magnus Økland, meiner ein båt som «Stord I» for full steam er ein glimrande historieforteljar.

Dagleg leiar i Stiftinga Kystsogevekene i Hordaland, trekker gjerne fram ei autentisk hending frå eit fjordstrok nær oss for å understreka kor viktig det er med levande kystkultur.

– Jo, det var nokre gutunar som var på fjorden med ein Pionerolle med påhengs. Så stoppa motoren og gutane tok straks fram mobilen og ringde etter hjelp. Så langt utpå var dei ikkje, difor reagerte hjelparane som kom til, på at dei ikkje hadde teke árane fatt og koma seg til lands. – Árar, meiner du dei trepinneane som ligg der, svarte gutane – og peikte spørjande på árane om bord.

– Når me får slike signal frå heimlege trakter, fortel det kor avgjerande det er at båtar, hus og aktivitetar – alt som har med kystkultur vår å gjera, blir halde i hevd. Halde levande i hevd, slik det blir gjort mellom anna på Vervadagen på Jensaneset. Motorar som går, sager som sagar, smed som smir og trebåtar som bli vølte og mykje anna. Helst slikt me andre får vera med på og kan bli ein del av, seier Økland entusiastisk.

Han er inne i ei travel tid. Frå 12. august til 22. september er det fullt program for Kystsogevekene i 22 kommunar – frå Gulen gjennom Hordaland til Sveio. Kjell Magnus Økland kjem frå Tysens og gav i fjor ut storverket om «Oselvaren» – den stolte seglarfæringen. 7. september kjem Økland til Stord bibliotek i Kulturhuset for å kåsera om båten og boka han arbeidde med i 12 år.

## ANDRE NYHENDE



Godt første halvår for Sunnhordland Kraftlag  
august 29, 2017



Auke i bilfrakta med Kvinnheradsambandet  
august 28, 2017



Sildakongen og rikt program på Kanaldagane  
august 28, 2017



Vervagudsteneste i strålande sol  
august 27, 2017



Fotballfest på Vikahaugane  
august 27, 2017



Ønskjer meir tilpassa skyss med Skyss  
august 27, 2017



Rådmanns-nei til einvegskeyring i Borggata  
august 25, 2017



Både klassisk og «flygeljass» innviar det nye flygelet  
august 25, 2017



Linda Eide med strålande gjester!  
august 25, 2017



29 nye lærlingar på plass i Kværner  
august 24, 2017



LESARBREV: Stopp store klassar  
august 24, 2017



Vervagudsteneste på Jensaneset  
august 23, 2017



Rikhaldig haustprogram på viseklubben  
august 22, 2017



Nye lærlingar Stord kommune  
august 22, 2017



Vil «ta ut» fleire hjortar frå aukande stamme  
august 22, 2017

[LEGG TIL ARRANGEMENT](#) +

## KORT SAGT

## Ha allsongrøysta klar til våren



– Dette var kjekt, dette må blir årleg, vart det sagt etter det særstakke allsongtreftet i Parken i juni. Her og no kan det slåast fast at ønske om meir allsong i den flotte parken på toppen av Leirvik, bli oppfylt når det lid til mai og god vår i lufta. Leirvik mannskor er alt byrja planlegginga og det blir et dugnadsprosjekt på alle plan – med overskot til gode lokale føremål. Det er berre å glede seg.

## Forskar på brunsniglebruk



Aldona Petkeviciene på Os plukkar og tek mot det ho kan få av brunsniglar for tida, skriv BT.no. Ho hadde mengder av sniglane i eigen hage og byrja etter kvart lura på om dei kunne koma til nytte på noko som helst vis. Nærare studie viser at sniglekjøtet innneheld stoff som kan gjerast om til næringsrikt dypere. Dette skal det no forska om meir på. Til første forsøk trengst det 150 kilo sniglar ...

## Avdukar Blåstål

A.B.C.D. (art.beach.creation.debris.) er eit kunstrarisk initiativ som ser på korleis plast ureinrar vårt maritime miljø. Kunstaranare Elizabeth Roberts frå Oregon, USA, Janne Robberstad og Jan Willy Folgerø-Holm frå Børølo, Norge – samarbeider med Børølo kunstlag og kunstgeriljaen i dette prosjektet. Skuleklassar og lokallag har vore i sving med å rydda strender for bos i vår og sommar. Eindel av den innsamla plasten er vaska og sortert og er brukt som råmateriale i ein stor installasjon – nemleg ein bortimot 3 meter lang blåstål! Avduking i kveld tysdag 29. august i Autogården på Rubbestadneset, tipsar Børølo Kunstlag.



Tys 29 A  
Treffpu  
ARRANGØF  
Kreftfore



Tor 31 A  
Sommæ  
Stord folk  
ARRANGØF  
Stord fol



Tor 31 A  
Inspira:  
Stord folk  
ARRANGØF  
Stord fol

[Sjå fleire lokale arrangement](#)

## (0) READERS COMMENTS

Comments are closed.

## Mot direktørskifte i SKL

Magne Heimvik sluttar som adm direktør i SKL. Heimvik vart 62 år i april i år, og har etter arbeidsavtalen nådd pensjonsalder. Styret vart informert i dagens møte og startar no arbeidet med å tilsetja ny direktør. Målsetjinga er at ny direktør er på plass 1. januar 2018.

Magne Heimvik har lang fartstid i SKL. Han kom til selskapet i 1985, og i 1997 tok han over som adm direktør. Han seier SKL har vore ein særdeles spennande og interessant arbeidsplass i ei tid der både samfunnet og rammevilkåra for kraftselskapa har vore i stadig endring. Sett i lys av at dei vedtekne strukturelle endringane i SKL no er gjennomført – og eigen alder – meiner han tidspunktet for å fratre stillinga no frå årsskiftet er det beste, går det fram av meldinga frå SKL mandag..

### «Kom deg ut» til Skjephaugen



Barnas Turlag og Stord-Fitjar Turlag inviterer til den årlege «kom deg ut-dagen» ved Gapahuken/Friluftsambassaden i Skjephaugen komande søndag 3. september (kl 12.00). Det blir tradisjonen tru høve til padletur på Skjephaugsvatnet, tutipp og natursti. Og det blir naturlegvis servering av pølser, saft og kaffi. – Velkommen til verdas største leikeland, annonserer tilskiparane.

### Innviar nybygg

Medlemene i Komite for oppvekst og utdanning er i morgen inviterte til innviing av nybygg ved Skogatufto Barnehage. I tillegg til nytt bygg har barnehagen på toppen av Kjøtteinsbakken siste året vore gjennom ei solid oppgradering.

### 68 kontrollerte

Politidistriktet gjennomførte søndag ettermiddag promillekontroll ved Spissøysundet. 68 bilførarar måtte «blåsa i røyret». Ingen utslag – og slik skal det jo vera.

### Heidra for lang og tru teneste.



(Foto: Kurt Grundvold)

Under ei samkome for tilsette ved Sunnhordland Trafikkopplæring AS nyleg, blei Reidun Åsvang og Per Ove Sercan Husevik tildelt "Norges Vels Medalje" for lang og tru teneste. Begge har i over 30 år stått på for Sunnhordland Trafikkopplæring, til beste for kundar, tilsette og bedrifta.

### Poengdeling i Førde

Også i bortekampen mot Førde laurdag, tok Stord leiinga. Denne gong ved Jan Arne Vassnes som sette inn ein

straffe i det 21. minutt. I 63. minutt scora heimelaget og det vart poengdeling. Med 19 poeng «datt» Stord ein plass ned på tabellen og ligg no på 11.plass (under streken). Komande helg er Herd motstandar.

## Køyrt heim

Frå politiloggens søndag morgen: Kl. 0040, Leirvik: Rusa mann i 20-åra meld for ikkje å etterkome pålegg. Var tildegar på kvelden lite samarbeidsvillig overfor patruljen. Blei køyrt hjem.

## ARKIV

Arkiv Vel månad

## STORDNYTT.NO

### Journalist:

Steinar Hystad  
steinar@stordnytt.no  
950 31 154

## KONTAKT OSS

Om du har tips til redaksjonen eller om du ynskjer å annonsera, ta kontakt med oss på ein av desse e-post-adressene:

[nettnytt@stordnytt.no](mailto:nettnytt@stordnytt.no)

[annonser@stordnytt.no](mailto:annonser@stordnytt.no)



Lik denne sida

43 vener likar dette

